



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2828 - 19/22234

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

10.07.2019

Stadfestar mottatt klage på vedtak - gbnr 141/67 Kvamme nedre

Tiltak: dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 141/67
Tiltakshavar: Gunnar Molland
Ansvarleg søkjar: Gunnar Molland

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 05.07.2019.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 18.09.2019. Møtet vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i utvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 19.06.2019.

Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje. I denne saka er det snakk om etablering av tiltak i strandsone og sjø. Strandsone er underlagt eit særskilt vern, og det vert ikkje tillate inngrep i strandsone utan at klagen er avgjort i denne saka med tanke på skade tiltaket kan gje i strandsone og økonomisk tap for parten med å etablere tiltaket før klagesaka er avgjort.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER